



**Styre:** Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet  
**Styresak:** 45/26  
**Møtedato:** 23.06.2026  
**Journalnummer:**

---

## Langtidsbudsjett Det juridiske fakultet 2027 - 2031

---

### Bakgrunn

Langtidsbudsjettet for Det juridiske fakultetet for perioden 2027–2031 er utarbeidd som eit styringsverktøy for å gi fakultetsstyret eit samla grunnlag for å vurdere utviklinga i fakultetet sitt økonomiske handlingsrom i åra framover. Budsjettet skal synleggjere korleis kjende endringar i rammevilkår, aktivitetsnivå og kostnadsutvikling kan påverke fakultetet sin samla økonomi, og gi eit grunnlag for å vurdere kva prioriteringar og tilpassingar som kan bli nødvendige i perioden. Langtidsbudsjettet byggjer på gjeldande føresetnader for finansiering i universitets- og høgskulesektoren og på universitetet sin interne fordelingsmodell.

For fakultetet er langtidsbudsjettet særleg viktig fordi inntektsgrunnlaget blir påverka av fleire forhold som kan variere over tid, mellom anna utviklinga i grunnløyvinga, resultatbaserte inntekter knytte til utdanning og forskning, eksternfinansiert aktivitet og andre inntekter. Samstundes er ein stor del av kostnadsbiletet bunde opp i løn. Dette gjer det nødvendig å sjå inntekter og kostnader i samanheng over fleire år, slik at fakultetet kan planleggje for ei berekraftig drift og redusere risikoen for ubalanse mellom aktivitet og økonomisk bereevne. Budsjettet må derfor lesast som ein analyse av handlingsrom og konsekvensar, heller enn som ein detaljert fasit for framtidig utvikling.

I arbeidet med budsjettet er det lagt til grunn både kjende og estimerte forhold. Det gjeld mellom anna løns- og prisvekst, statlege kutt og omprioriteringar, utviklinga i studiepoengproduksjon og gjennomføring, effektar av studentutveksling, utviklinga i doktorgradar og forskingsinsentiv, samt framtidig bemanning og nivå på eksternfinansiert verksemd. På fleire område er det betydeleg uvisse, og dokumentet presenterer derfor ulike scenarior for å synleggjere korleis endringar i sentrale føresetnader kan slå ut for fakultetet sin økonomi. Dette gir styret eit betre grunnlag for å drøfte både risikofaktorar, strategiske prioriteringar og behovet for eventuelle tiltak i planperioden.

### Grunnbevilgning annuum

Fakultetet blir finansiert i UiB sin finansieringsmodell med basismidlar, utdanningsinsentiv, forskingsinsentiv, rekrutteringsstillingar og andre øyremerka avsetnader. I tillegg kjem instituttinntekter, investeringsinntekter og avskrivingsinntekter. Under kjem ei beskriving av inntektene til fakulteta i åra framover.

Basismidler på fakultetet blir justert med lønns- og prisstigning, statlege kutt og eventuelt justert med sats til prioriterte formål ved UiB kvart år, opp- eller nedtrapping av studieplassfinansiering og andre spesielle endringer. I langtidsbudsjettet er det lagt til grunn

- Lønns- og priskompensasjon (LPK), kutt og omprioritering som fastsatt
- Rammetildeling på 3 mill. kroner i 2027 (siste året)
- Nedjustering på ca. 0,7 mill. kroner i 2028 knytt til bortfall av midlertidig kompensasjon ved innføring av nytt finansieringssystem
- Utfasing av koronastudieplasser i 2027 med 0,48 mill., siste effekt

Utvikling Basis (i 1000 kroner)	2026(IB)	2027	2028	2029	2030	2031
Inngående Balanse (IB)		65 444	68 973	69 108	69 873	70 619
LPK		2 127	2 069	2 073	2 096	2 119
Statlege kutt		-1 118	-1 256	-1 308	-1 350	-1 398
Prioriterte formål UiB		-	-	-	-	-
Andre endringar ramme (tabell)		2 520	-679	-	-	-
Sum basis	65 444	68 973	69 108	69 873	70 619	71 339

Sidan det ikkje er planlagt prioriterte formål frå UiB sentralt med økonomiske konsekvensar for fakultetet i perioden, er denne posten sett til null.

## Utdanning/open ramme

### Doktorgrader


Videreført frå UiB til fakultet med 75 % av satsen satt i statsbudsjettet, belønning per avlagte doktorgrad (to års forsinkelse). 2024 og 2025 er kjent, 2026 ser ut til å bli 7 og 2027 og utover er estimert til at antal tilsette stipendiatar vil avlegge sine doktorgradar innan normal tidsramme.

	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Antal kandidatar	6	7	7	6	6	6

Antal disputasar kan variere noko frå år til år, det kan også bli høgare grunna eksternt finansierte stipendiatar.

### Gjennomføring på normert tid

Gjennomføring på normert tid (MARJUR og MARJUR II) vil påverke inntekta til fakultetet når den endrar seg frå eitt år til eit anna. Figuren under viser at det er relativt små endringar frå år til år, med variasjonar mellom opp 6 % i 2023 og ned 2,3 % i 2024.



Det er grunn til å tru at gjennomføringa kan gå noko ned også i åra framover, ein effekt som er vanskeleg å talfeste.

### Studiepoeng

UiB og fakultetet blir løna med ein sats for studiepoeng (heiltidsekvivalent som tilsvarer 60 avlagte studiepoeng på eitt år), der 75 % blir vidareført til fakulteta.

### *Utteksling*

Studentar som reiser ut avlegg studiepoeng andre stader, som fakultet ikkje får utteljing for. Innreisande studentar avlegg studiepoeng ved UiB og generer studieinntekter for fakultetet. Antalet har variert ein del dei siste åra og fakultetet ønsker å kome på eit nivå der inn- og utreisande studentar er like mange. Tabellen under viser at antal innreisande var større enn utreisande i 2022 og 2023, før det endra seg brått i 2024. 280 færre studentar ved fakultetet i eit semester førte til lågare studiepoeng, som igjen førte til eit stort inntektstap i 2026-budsjettet. Det er ei betring til 2025, men ikkje nok til å hente inn inntektstapet. Det blir lagt til grunn at det er ei betring i balansen i 2026 og at det er balanse i 2027 og ut perioden.

Effekten på studiepoenga vil vere ei lita betring i 2026 og 2027, men det kjem ikkje opp på same nivået som i 2023. Inntektstapet sammenlignet med 2023 er estimert til over 2 mill. Kroner.

	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Innreisande	265	305	285	325	325	325	325	325
Utreisande	195	205	465	360	340	325	325	325
<b>Balanse/sum</b>	<b>70</b>	<b>100</b>	<b>-180</b>	<b>-35</b>	<b>-15</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### *Opptak/antal gjennomførte*



Avlagte studiepoeng er i stor grad knytt til MARJUR og endring i opptak kan ha stor effekt på inntektene til fakultetet.

Ved å auke opptaket permanent med ein ekstra student, som gjennomfører graden sin, vil fakultetet i framtida få 5 studiepoeng ekstra i året, som har ein verdi på om lag 220 000 kroner i året. Tilsvarande vil ein tape dette beløpet ved reduksjon i opptak.

I langtidsbudsjettet blir det lagt til grunn tre scenarier for å vise kva effekten på antal studentar som gjennomfører er:

1. Uendra opptak – 380 studentar som gjennomfører graden (ekstra stort opptak i 2025 går ut)
2. Redusere opptak – 350 studentar som gjennomfører graden
3. Auke opptak – 410 studentar som gjennomfører graden (ekstra stort opptak i 2025 vert vidareført)

I alle desse scenaria er det i tillegg lagt til grunn utvikling i utveksling som beskrive over og uendra utvikling i øvrige studiepoeng (normale variasjonar kan forekome i alle scenarie). Som vist i figurane under er det stor forskjell i antal avlagte studiepoeng og korreponderande endringar i inntekt. Utvikling i studiepoeng er samanstillt med historiske avlagte studiepoeng ved fakultetet.



Det er ein differanse mellom reduksjon i opptak og auka opptak på om lag 13 mill. kroner i årleg inntekt.

Ved endring i opptak allereie frå 2025/2026 vil endringane ha full effekt på inntekta i 2033 og ha ein permanent effekt som vist i tabellen under.

Inntektsendring akkumulert	2033
Uendra opptak	-729 459
Redusere opptak	-6 667 772
Auke opptak	6 420 855

## Forskingsinsentiv

Forskingsinsentiv belønner rekneskapsført BOA-aktivitet for følgande prosjekttypar:

- ERC
- Øvrig EU-aktivitet
- SFF
- SFI+ (SFI/SFU/FKB/FME)

Berekninga av forskingsinsentiv blir gjort basert på utarbeidinga av BOA-budsjetta, fordelt på tre scenarier, som omtalt i avsnittet om BOA-inntekter.

Per i dag er det éin ERC ved fakultetet som gir utteljing her, det vil auke uansett scenarie. For scenarie 1 og 2 vil antatt tilslag på nye ERC gi gode utslag her.

## Øvrige inntekter

Inntekter som er omtrent uendra i perioden:

- Inntekt satt av til investeringar
- avskrivingsinntekter

Instituttinntekter: EVU-inntektene blei vurdert noko høgt i 2026 og nedjustert til 5 mill. i 2027. Det er lagt inn ei oppbygging til 7 mill. kroner i løpet av perioden.

## Kostnader

### Lønnskostnader

Den største delen er lønnskostnader og består grovt sett av lønn til fast og midlertidig tilsette, samt utbetaling av honorar til sensur. Under er det gjort ei grundigare vurdering av lønnskostnader knytt til førstestillingar.

### Førstestillingar/vitskapeleg kapasitet

Grunnlag for utvikling i lønnskostnader er avgang og tilsetjing. Det er for førstestillingar (professor og førsteamanuensis) lagt til grunn antatt pensjonsalder på 70 år. I tillegg til pensjon er det også litt bevegelse mellom GB og BOA og nokre permisjonar som begynner og sluttar. Tabellen viser at det i perioden er 6,1 årsverk som går av med pensjon, som gir eit større rom for planlegge/justere aktiviteten ved fakultetet enn det vanlegvis er ved å vurdere tilsetjing i desse stillingane.

Avgang (scenarie 2)	2026	2027	2028	2029	2030	2031	Sum
Tilbake frå permisjon/frikjøp	0,5	1,4	0,8	0,0	1,0	0,0	3,7
Går av med pensjon	0,0	-0,1	-2,0	0,0	-3,0	-1,0	-6,1
<b>Sum endring årsverk</b>	<b>0,5</b>	<b>1,3</b>	<b>-1,2</b>	<b>0,0</b>	<b>-2,0</b>	<b>-1,0</b>	<b>-2,4</b>

I arbeidet med langtidsbudsjettet er det lagt inn 3 moglege scenarier på korleis tilsetjingar i denne gruppa blir handtert:

1. dei som går av med pensjon blir erstatta
2. dei som går av med pensjon blir ikkje erstatta
3. dei som går av med pensjon blir erstatta og det vil bli tilsette 4 nye i løpet av perioden

Reansettelse (scenarie 1)	2026	2027	2028	2029	2030	2031	Sum
Tilbake frå permisjon/frikjøp	0,5	1,4	0,8	0,0	1,0	0,0	3,7
Går av med pensjon	0,0	-0,1	-2,0	0,0	-3,0	-1,0	-6,1
Reansettelse ved pensjon	0	2	1	1	1	1	6,0
<b>Sum endring årsverk</b>	<b>0,5</b>	<b>3,3</b>	<b>-0,2</b>	<b>1,0</b>	<b>-1,0</b>	<b>0,0</b>	<b>3,6</b>

Tilsetje fleire (scenarie 3)	2026	2027	2028	2029	2030	2031	Sum
Tilbake frå permisjon/frikjøp	0,5	1,4	0,8	0,0	1,0	0,0	3,7
Går av med pensjon	0,0	-0,1	-2,0	0,0	-3,0	-1,0	-6,1
Reansettelse ved pensjon	0	2	1	1	1	1	6,0
Tilsetje fleire	0	0,5	1,5	1	1	0	4,0
<b>Sum endring årsverk</b>	<b>0,5</b>	<b>3,8</b>	<b>1,3</b>	<b>2,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>7,6</b>

På kostnadssida er årsverkendringane lagt til grunn, samt planlagde opprykk i perioden.

I LTB må vi legge inn LPK-justerte størrelsar.

### Øvrige lønnskostnader

Andre lønnskostnader er foreløpig satt til å ha ei utvikling som er i takt med LPK:

- midlertidig tilsette blir erstatta ved avgang
- administrativt tilsette blir erstatta ved avgang
- sensurkostnader er omtrent på same nivå

### Driftskostnader

Driftsbudsjettet til fakultetet er relativt lite og er heller ikkje venta å endre seg så mykje.

## Nettobidrag

Den delen av kostnadane/inntektene som går mellom BOA og GB avhenger av størrelsen på BOA-aktiviteten og kva type aktivitet/finansior ein har. Denne delen er avhengig av scenariene som er omtalt under BOA-aktivitet.

Fakultetet har nettobidragsprosent på 38 % i snitt dei siste åra, som betyr at om lag 38 % av den eksterne finansieringa vil bli tilført fakultetet si grunnløyving i form av frikjøp, indirekte kostnader osv. Det blir jobba aktivt med å halde denne høg og auke den, som betyr at det er potensiale for relativt høgare interne inntekter her i åra framover.

## Resultat

Under følger tabellar som viser scenaria basert på føresetnader beskrive før i dokumentet.

### Scenarie 1

Dette scenariet er ei situasjonsbeskriving av videreføring av aktivitet på eit nivå som er ganske likt som i dag, med dei endringane i inntekter og kostnader ein kjenner til.

GA	2027	2028	2029	2030	2031
Inntekter KD	167 420	172 794	176 050	181 668	185 638
Instituttinntekter	5 972	6 704	7 383	8 084	8 805
Investeringer i klasse3	-480	-494	-508	-523	-539
Avskrivninginntekter	465	465	465	465	465
<b>Sum inntekter</b>	<b>173 376</b>	<b>179 468</b>	<b>183 389</b>	<b>189 693</b>	<b>194 369</b>
4. varekostnader					
5. Lønnskostnader	144 714	148 628	156 688	158 449	162 449
6+7+8 Annen driftskostnad og finansposter	7 424	7 647	7 876	8 112	8 356
9. Interne transaksjoner (ekskl. nettobidrag)	33 827	34 841	35 887	36 963	38 072
94xx Nettobidrag	-11 054	-12 187	-12 187	-12 133	-12 183
<b>Sum kostnader</b>	<b>174 911</b>	<b>178 929</b>	<b>188 264</b>	<b>191 392</b>	<b>196 694</b>
<b>Resultat</b>	<b>-1 535</b>	<b>539</b>	<b>-4 875</b>	<b>-1 699</b>	<b>-2 324</b>
Overføring frå førre år	12 668	11 133	11 673	6 798	5 099
<b>Overføring til neste år</b>	<b>11 133</b>	<b>11 673</b>	<b>6 798</b>	<b>5 099</b>	<b>2 775</b>

### Scenarie 2

Dette scenariet er ei situasjonsbeskriving av aktivitet på eit nivå som er lågare enn i dag, med nedgang i resultatinntekter som følge av redusert studiepoengsproduksjon, nedjusterte BOA-inntekter som følge av lavt tilslag på søknader (nettobidrag) og ingen reansettelse ved avgang.

GA	2027	2028	2029	2030	2031
Inntekter KD	167 420	172 084	174 694	177 078	179 471
Instituttinntekter	5 972	6 704	7 383	8 084	8 805
Investeringer i klasse3	-480	-494	-508	-523	-539
Avskrivninginntekter	465	465	465	465	465
<b>Sum inntekter</b>	<b>173 376</b>	<b>178 759</b>	<b>182 033</b>	<b>185 103</b>	<b>188 203</b>
4. varekostnader					
5. Lønnskostnader	142 468	145 157	151 921	152 311	154 863
6+7+8 Annen driftskostnad og finansposter	7 424	7 647	7 876	8 112	8 356
9. Interne transaksjoner (ekskl. nettobidrag)	33 827	34 841	35 887	36 963	38 072
94xx Nettobidrag	-8 827	-8 827	-8 827	-8 874	-8 924
<b>Sum kostnader</b>	<b>174 891</b>	<b>178 818</b>	<b>186 857</b>	<b>188 513</b>	<b>192 367</b>
<b>Resultat</b>	<b>-1 515</b>	<b>-59</b>	<b>-4 824</b>	<b>-3 410</b>	<b>-4 164</b>
Overføring frå førre år	12 668	11 153	11 094	6 270	2 860
<b>Overføring til neste år</b>	<b>11 153</b>	<b>11 094</b>	<b>6 270</b>	<b>2 860</b>	<b>-1 303</b>


### Scenarie 3

Dette scenariet er ei situasjonsbeskriving av aktivitet på eit nivå som er høgare enn i dag, med auke i resultatinntekter, BOA-inntekter (nettobidrag) og tilsetjing ut over reansettelse ved avgang.

GA	2027	2028	2029	2030	2031
Inntekter KD	167 420	173 373	178 903	186 359	191 968
Instituttinntekter	5 972	6 704	7 383	8 084	8 805
Investeringer i klasse3	-480	-494	-508	-523	-539
Avskrivninginntekter	465	465	465	465	465
<b>Sum inntekter</b>	<b>173 376</b>	<b>180 047</b>	<b>186 242</b>	<b>194 385</b>	<b>200 700</b>
4. varekostnader					
5. Lønnskostnader	145 276	150 942	160 264	163 359	167 507
6+7+8 Annen driftskostnad og finansposter	7 424	7 647	7 876	8 112	8 356
9. Interne transaksjoner (ekskl. nettobidrag)	33 827	34 841	35 887	36 963	38 072
94xx Nettobidrag	-12 045	-13 179	-13 179	-13 124	-13 074
<b>Sum kostnader</b>	<b>174 481</b>	<b>180 251</b>	<b>190 848</b>	<b>195 310</b>	<b>200 861</b>
<b>Resultat</b>	<b>-1 105</b>	<b>-204</b>	<b>-4 606</b>	<b>-926</b>	<b>-161</b>
Overføring frå førre år	12 668	11 563	11 359	6 754	5 828
<b>Overføring til neste år</b>	<b>11 563</b>	<b>11 359</b>	<b>6 754</b>	<b>5 828</b>	<b>5 667</b>

### BOA-aktivitet

BOA-aktiviteten ved fakultetet har i perioden 2022-2025 stige med 6,8 mill. kroner, sjå fordeling i figuren under.



Framtidig BOA-aktivitet er basert på kva søknader ein sender inn, kva program som er utlyst, tilslagsrate osv. Det er vanskeleg å estimere med stor nøyaktighet, men basert på kjent informasjon (eksisterande aktivitet og innsendte søknader) og ambisjonar har det blitt estimert aktivitet basert på tre scenarier:

1. moderat/realistisk
2. pessimistisk
3. optimistisk

Kostnader og nettobidrag har har blitt estimert basert på normal fordeling per hovudfinansieringskjelde.

### Scenarie 1

#### Forventning

- Andre: normalnivå og to nye større prosjekt (Trond Mohn Stiftelse og Sparebanken Norge)
- EU: tilslag på to nye ERC i løpet av perioden (eksisterande ERC går ut i 2030, nye lagt inn i 2028 og 2030)
- NFR: oppretthalde dagens nivå

BOA	2027	2028	2029	2030	2031
Inntekter Andre	13 250	16 500	16 500	16 500	16 500
Inntekter EU	4 800	9 800	9 800	12 500	10 000
Inntekter NFR	14 000	14 000	14 000	14 000	14 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>32 050</b>	<b>40 300</b>	<b>40 300</b>	<b>43 000</b>	<b>40 500</b>
4. varekostnader					
5. Lønnskostnader	17 704	24 319	24 319	27 013	24 518
6+7+8 Annen driftskostnad og finansposter	3 292	3 794	3 794	3 854	3 798
9. Inteme transaksjoner	11 054	12 187	12 187	12 133	12 183
<b>Sum kostnader</b>	<b>32 050</b>	<b>40 300</b>	<b>40 300</b>	<b>43 000</b>	<b>40 500</b>

## Scenarie 2

### Forventning

- Andre: normalnivå ned 10 %
- EU: ingen tilslag på ERC i løpet av perioden (eksisterande ERC går ut 2030)
- NFR: normalnivå ned 10 %

BOA	2027	2028	2029	2030	2031
Inntekter Andre	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000
Inntekter EU	4 800	4 800	4 800	2 500	0
Inntekter NFR	12 600	12 600	12 600	12 600	12 600
<b>Sum inntekter</b>	<b>26 400</b>	<b>26 400</b>	<b>26 400</b>	<b>24 100</b>	<b>21 600</b>
4. varekostnader					
5. Lønnskostnader	14 950	14 950	14 950	12 655	10 160
6+7+8 Annen driftskostnad og finansposter	2 623	2 623	2 623	2 572	2 516
9. Inteme transaksjoner	8 827	8 827	8 827	8 874	8 924
<b>Sum kostnader</b>	<b>26 400</b>	<b>26 400</b>	<b>26 400</b>	<b>24 100</b>	<b>21 600</b>

## Scenarie 3

### Forventning

- Andre: normalnivå opp med 10 % og to nye større prosjekt (Trond Mohn Stiftelse og Sparebanken Norge)
- EU: tilslag på tre ERC i løpet av perioden (eksisterande ERC går ut 2030, nye lagt inn i 2028, 2030 og 2031)
- NFR: normalnivå opp med 10 %

BOA	2027	2028	2029	2030	2031
Inntekter Andre	14 250	17 500	17 500	17 500	17 500
Inntekter EU	4 800	9 800	9 800	12 500	15 000
Inntekter NFR	15 400	15 400	15 400	15 400	15 400
<b>Sum inntekter</b>	<b>34 450</b>	<b>42 700</b>	<b>42 700</b>	<b>45 400</b>	<b>47 900</b>
4. varekostnader					
5. Lønnskostnader	18 833	25 448	25 448	28 142	30 637
6+7+8 Annen driftskostnad og finansposter	3 572	4 073	4 073	4 134	4 189
9. Inteme transaksjoner	12 045	13 179	13 179	13 124	13 074
<b>Sum kostnader</b>	<b>34 450</b>	<b>42 700</b>	<b>42 700</b>	<b>45 400</b>	<b>47 900</b>

## Oppsummering

Det ein ser av alle scenaria er at det i perioden er negative resultat. Det er mange faktorar som slår inn, så det er usikkerhet knytt til faktisk resultat. Det fakultetet må vere bevisste på er å tilpasse kostnadar til inntekter og jobbe for ein god balanse. Det er spesielt viktig å ikkje pådra seg for høge faste kostnader på ei inntekt som kan variere.

## **Grunnbevilgning prosjekt**

Inntekter som kjem inn under grunnbevilgning prosjekt:

- Rekrutteringsstillingar: uendra måltal gir inntekter som blir justert med LPK
- Øyremerka avsetnader: mindre tildelingar i løpet av året, ingen i hovudtildelinga. Estimert til om lag 1 mill. kroner i året for relativt faste tildelingar ( mellom anna insentivmidlar, EVU-tiltak, likestillingstiltak)
- Inntekt satt av til investeringar og avskrivningar – uendra i perioden
- Instituttinntekter (inntekter fra blant annet EVU) – uendra i perioden

Forbruk i perioden er estimert på bakgrunn av historisk forbruk.

### **Dekan og fakultetsdirektørs merknader:**

Langtidsbudsjettet viser at fakultetet i perioden 2027–2031 står overfor eit strammare økonomisk handlingsrom og at resultatata i alle scenario er negative. Utviklinga er særleg knytt til usikkerheit i resultatbaserte inntekter, mellom anna frå studiepoeng, doktorgradar og eksternfinansiert aktivitet, medan ein stor del av kostnadene er bundne opp i løn. Budsjettet gir derfor eit viktig grunnlag for vidare prioriteringar og for å sikre betre balanse mellom inntekter, aktivitet og kostnader i åra framover.

### **forslag til vedtak:**

Fakultetsstyret tar langtidsbudsjettet til orientering

Sigrid Eskeland Schütz  
dekan

Peter Woldseth  
fakultetsdirektør

16.06.2026  
GF/PWO